

Søkjær

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Austrheim kommune
Institusjonsnamn	Austrheim bibliotek
Postadresse	Sætremarka 2
Postnummer	5943
Poststad	Austrheim
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Kari Torkildsen
Etternamn	Utkilen
Telefon	95 942 213
E-post	bibliotek@austrheim.kommune.no

Sluttrapport

Tittel på tiltaket	Les med meg
Tildelt beløp	75 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2023
Mål for tiltaket	"Les med meg" er eit prosjekt kor me har som mål å nå spesielt ut til foreldre med barn i barnehage-/skulealder. Me ønskjer å etablera eit tettare band til foreldregrupper, og me ønskjer å vera med på å skapa engasjement rundt det å lesa, det å lesa høgt for kvarandre, og det å lesa i lag med kvarandre.

Rapport

I prosjektet Les med meg ville me bidra til å setja fokus på lesing frå barna er små.

Dette har me fått til:

- I januar 2023 hadde me nyopning av filialen vår på Kaland skule, etter at skulen hadde pussa opp. Me nytta høvet til å invitera alle klassane, ein etter ein, til høgtlesing på det nye biblioteket.

- Filialen vår på Kaland skule, Fonnes filial, har hovudsakleg bøker for barn opp til mellomtrinnet. Den er bemanna torsdag annakvar veke, men me har sjølvbetent utlånsmaskin, sånn at foreldre kan gå inn og låna bøker saman med ungane til dømes når dei hentar på skulen/SFO.

- I juni 2023 inviterte me om lag førti andreklassingar til framsyninga «Ylva og villgeitene», basert på boka med same namn (Hilde Myklebust/Akan Duzakin), om bord i litteraturbåten Epos. Klassen frå Kaland skule har gangavstand til Fonnes, der båten låg til, medan klassen frå Årås måtte ta buss frå Årås til Fonnes. Ei veldig fin formidlingsstund med Lina Taule Fjørtoft. Dette opplegget var me så nøgd med, at når Epos skulle ut på turné i 2024, så inviterte me årets tredjeklassekull om bord. Me håpar dette kan bli eit fast innslag for tredje trinn i Austrheim.

- Biblioteket sitt første 'offisielle' møte med foreldre her i Austrheim skjer på ein 'hagefest' kvar haust. Ungar som er fødte det siste året blir inviterte saman med foreldre og søsken. Barna får utdelt eit spesialdesigna Austrheim-smykke for å visa at me sit pris på dei nye verdsborgarane, og på denne festen har biblioteket ei sentral rolle. Det er ordførar og rådmann som inviterer offisielt, men det er biblioteket som står for alt det praktiske med gjennomføringa av festen. Me brukar anledninga til å presentera oss, til å presentera/lesa høgt frå ei bildebok, og til å invitera foreldra til å bruka biblioteket aktivt.

- Me har enn so lenge ikkje innført meirope i Austrheim, men i og med at helsestasjonen er i same etasje som biblioteket, så inviterer me foreldre til å stikka innom når dei her på kontroll med barna, sjølv om me kanskje ikkje har offisiell opningstid akkurat når dei er her. Me ønskjer å gjera det enkelt for dei å nå oss. Her samarbeider me med helsestasjonen.

- I september 2023 arrangerte me sommarlesavslutning for 1. - 7. klasse. Oppslutninga om Sommarles er stor, og det var også besøket på avslutningsfesten. Her kom det om lag 40 barn og rundt 10 vaksne. Med høgtlesing i fokus i 2023, valde me å formidla eventyret om Jack og bønnestengelen til underhaldning.

- I prosjektet «Les med meg» ville me utarbeida ein brosjyre som me vil dela ut til 1. klasseforeldre – først og fremst. Her får dei informasjon om opningstider, samt forskingsbaserte argument for kvifor lesing er viktig. For oss er det viktig å gi god informasjon utan å gi dårleg samvit med på kjøpet. Sånn blei resultatet:

- I 2023 starta me opp med, og har no gjort det til eit fast punkt på haustprogrammet vårt, å invitera oss sjølv inn til førsteklassane sitt første foreldremøte. Me ber om ca. 20 minutt til å presentera

biblioteket, og til å snakka om viktigheita av lesing. Hovudbodskapen vår er ei oppmoding om å gjera lesing til eit fast innslag i heimen, og me snakkar om kor viktig det er at foreldre er gode leseforbilde ved rett og slett å visa heime at lesing er oppskatta og prioritert. Eit innslag/innsalg er høgtlesing frå ei barnebok, noko som slår godt an. Ein konsekvens av at me stiller på foreldremøta er at foreldre som me elles ikkje ser så ofte på biblioteket gjerne kjem på besøk rett i etterkant for å låna bøker med barnet sitt. Lærarane gir uttrykk for at dei set pris på at me stiller opp.

- 1. klasse kjem på besøk på biblioteket etter haustferien. Her får dei utdelt lånekort, biblioteknett, omvising i biblioteket og ei høgtlesingsstund.

- I prosjektet «Les med meg» har me handla inn mykje ny litteratur, til småskuletrinnet spesielt, og har særleg utvida samlinga vår på teikneseriefronten. Dette er svært populært.

Dette har me ikkje rokke over:

- Eigne Arrangement for barn og vaksne med formidling av litteratur for begge målgruppene. barn og vaksne. Me har ein del tankar om korleis me kan gjennomføra eit eller fleire slike arrangement – og vil sjølvstøtt prøva å få det til, sjølv om prosjektet er avslutta

Kva skjer framover:

- I Austrheim har me heile tida barn og unge i fokus, både med tanke på innkjøp av bøker og når det gjeld formidling. Som ei forlenging av prosjektet «Les med meg» har me i år vore med på prosjektet "Leselyst med dei minste - aktiv formidling i Vestland 2024" – og me håpar på å kunna strekkja det prosjektet over i 2025 – saman med andre bibliotek i fylket. Me vil fortsetja det gode arbeidet med formidling både til barn og vaksne, og prosjektet «Les med meg» har vore med på å gjera oss enno meir bevisste på konseptet «Les med meg». Me treng fleire «lesande forbilde» - og vil jobba aktivt vidare med å inspirera til meir lesing.

Kari Tresnes

prosjektleder «Les med meg»
Austrheim folkebibliotek

Rekneskap

-
- [Regnskap - sluttrapport.pdf](#)
-

Vedlegg

-
- [Sluttrapport - signert.pdf](#)
-